



Arkitekt Rolv Eide AS

PB 325  
5343 STRAUME

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2009/176 - 8656/2009	Benjamin Hicks - 56375630	188/386	20.04.2009

Delegert sak

### **Grave- og sprengingsløyve - gbnr 188/318 - Gjervik Ytre, Knarvik senter**

Vi viser til søknad om løyve til tiltak, motteke 07.04.2009 og vedlagt:

- teikningar m/ terrengprofil
- situasjonsplanar
- søknad om ansvarsrett
- kontrollerklæring for prosjektering

#### **Saksutgreiing/Vurdering**

##### Sakshandsaming.

Saka er sendt inn som 1-trinnssak. Rammeløyve for parkeringshuset er gjeve.  
Saka vert difor handsama som søknad om igangsettingsløyve.

##### Gebyr.

Sakshandsamingsgebyr vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ.  
Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C3.3. Søknadspliktige tiltak (Pbl§93)	
Tilleggsgebyr. lite	2.400
<b>SUM</b>	<b>2.400</b>

**Vedtak:**

Søknaden om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar elles. I samsvar med Plan- og bygningslova § 93 jfr. § 95, vert det ikkje tillate å setja i gang anna arbeid før igangsetjingsløyve for vidare arbeid er gjeve.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

<b>Rolle</b>	<b>Arbeidsområde</b>	<b>Godkjent føretak</b>
SØK		Arkitekt Rolv Eide AS
PRO/KPR	Grunn- og terrengarbeid	Rambøll Norge AS, Bergen
UTF/KUT	Grunn- og terrengarbeid	Halvorsen Grave/Transport service AS

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Benjamin Hicks  
rådgjevar

Kopi til:

Knarvik Senterutvikling AS   Knarvik senter   5914   ISDALSTØ